

13 MAR 2012

12 MAR 2012



Adresseliste

Dykkar ref.

Vår ref. (bør oppgjevast ved svar)

Dato
09.03..2012

Arkivkode:
RS/2012

**JOTUNHEIMEN NASJONALPARK / UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE
- ÅRSMELDING 2011**

Vedlagt årsmelding for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde for 2011.

Med helsing

Rigmor Solem
Rigmor Solem

Adresseliste:

Miljøverndepartementet, postboks 8013, Dep., 0030 Oslo
Direktoratet for naturforvaltning, P.b. 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
Statens naturoppsyn, P.b. 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
Fylkesmannen i Oppland, serviceboks, 2626 Lillehammer
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Fylkesmannen i Oppland, landbruksavdelinga, serviceboks, 2626 Lillehammer
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga, postboks 14, 6801 Førde
Statskog SF, postboks 63 Sentrum, 7801 Namsos
Statskog, Storgt 64A, 2600 Lillehammer
Statskog, Kaigaten 9, 5016 Bergen
Norges Fjellstyresamband, Stortingsgt 30, 0161 Oslo
Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturseksjonen, postboks 173, 6801 Førde
Oppland fylkeskommune, kulturseksjonen, Kirkegt. 76, 2600 Lillehammer
Sogn og Fjordane politidistrikt, 6900 Florø
Gudbrandsdal politidistrikt, Storgt. 129, 2600 Lillehammer
Vest- Oppland politidistrikt, Ibsensgt. 1, 2821 Gjøvik
Lensmannen i Årdal, 6881 Årdalstangen
Lensmannen i Luster, 6868 Gaupne



Lensmannen i Lom, postboks 8, 2688 Lom
Lensmannen i Vågå, 2680 Vågå
Lensmannen i Vang, 2975, Vang i Valdres
Årdal kommune, 6881 Årdalstangen
Luster kommune, 6868 Gaupne
Lom kommune, 2686 Lom
Vågå kommune, 2680 Vågå
Vang kommune, 2975 Vang i Valdres
Tilsynsutvalet i Årdal, Vidar Sylvarnes, 6884 Øvre Årdal
Tilsynsutvalet i Luster, Anders Fortun, 6876 Skjolden
Tilsynsutvalet i Lom, postboks 94, 2688 Lom
Tilsynsutvalet i Vågå, Fjellstyrekontoret, 2680 Vågå
Tilsynsutvalet i Vang, Geir Moen, 2975 Vang i Valdres
Fjellopsyn Odd Repp, postboks 94, 2688 Lom
Fjellopsyn Knut Øyjordet, fjellstyrekontoret, 2680 Vågå
Fjellopsyn Einar Fortun, Luster kommune, 6868 Gaupne
Thor Østbye, 2975 Vang i Valdres
Endre Hemsing, Fredheim, 2910 Aurdal
Petter Løvdahl, pb 28., 6882 Øvre Årdal
Esben Bø, Statens naturoppsyn, pb. 94, 2688 Lom
Norsk Fjellmuseum, postboks 5, 2688 Lom
Storådalen beitelag, v/ Jon Sjurgard, 2686 Lom
Nils Teigen, 2686 Lom
Stiftinga Utladalen Naturhus, pb. 28, 6882 Øvre Årdal
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, v/ Lin Hjelmeland, Bjødnadikje 3, 6800 Førde
Naturvernforbundet i Oppland, postboks 454, 2601 Lillehammer
Høgskulen i Sogn og Fjordane, postboks 39, 6856 Sogndal
Høgskolen i Lillehammer, Gudbrandsdalsvn. 350, 2600 Lillehammer
Årdal fjellstyre, Vidar Moen, Seimsdalen, 6885 Årdalstangen
Luster fjellstyre, Torill Otterhjell, 6877 Fortun
Lom fjellstyre, Erik Frisvold, 2685 Garmo
Vågå fjellstyre, Odd Erik Sveen, 2680 Vågå
Vang fjellstyre v/ Jon Lerhol, 2975 Vang i Valdres
DNT Oslo og Omegn., postboks 7 Sentrum, 0101 Oslo
Luster Turlag, Stein Næss, 6875 Høyheimsvik
Årdal Turlag v/ Inga Jane Vie Karlsen, 6884 Øvre Årdal
Stiftinga Avdal Gard v/ Petter A. Løvdahl, 6884 Øvre Årdal
Utladalen Sameige v/ Steinar Mørkrid, 6877 Fortun
Per Avdal, 6884 Øvre Årdal
Berit Johansen Vetti, 6884 Øvre Årdal
Arnt Otto Øygarden, 6884 Øvre Årdal
Hydro Aluminium Årdal, 6885 Årdalstangen
Hydro Energi Sogn, 6885 Årdalstangen
Hydro Energi Sogn, 6877 Fortun
Memurubu turisthytte v/ Ketil E. Sveine, 2686 Lom
Glitterheim turisthytte v/ Knut Vole og Tone Bergnord, 2686 Lom
Gjendebu turisthytte v/ Lars Åge Hilde, 6793 Innvik
Turtagrø Hotel, 6877 Fortun
Skogadalsbøen turisthytte v/ Kjell Hjellødegård, 2660 Dombås
Leirvassbu Fjellstue 2687 Bøverdalen
Spiterstulen turisthytte, postboks 158, 2688 Lom
Gjendesheim Turisthytte, pb 128 2680 Vågå
Raubergstulen Fjellstue v/ Amund Mundhjeld, 2686 Lom
Juvvasshytta, 2687 Bøverdalen
Bessheim Fjellstue, Sjodalen, 2680 Vågå
Fondsbu Turisthytte, Eidsbugarden, 2985 Tyinkrysset
Gjendebåtene, v/ Harald Rune Øvstedal, 2680 Vågå



Jotunheimen nasjonalpark Utladalen landskapsvernområde



ÅRSMELDING 2011
Statens naturoppsyn – Jotunheimen
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980. Den første årsmeldinga for verneområda kom i 1991 og har sidan vore årleg. Dette er såleis den 21. årsmeldinga frå området. Årsmeldinga for 2011 er i hovudsak utforma etter den malen som har vore nytta dei siste åra. Som tidlegare byggjer meldinga i fyrste rekkje på registreringar og inntrykk frå dei som har drive uteaktivitet/oppsyn. Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane står for den delen av årsmeldinga som gjeld utøving av forvaltningsmynde. Hovudformålet med årsmeldinga er å gje ei samla framstilling av det arbeidet som er utført, forvaltningssituasjonen, bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva i Jotunheimen og Utladalen.

Opplaget er på ca 90 eksemplar.

Statens naturoppsyn - Jotunheimen
Fylkesmannen i Oppland
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Framsdebilde: Vetti i Utladalen

Foto: Rigmor Solem

INNHALD

1. Innleiing	s. 3
2. Status og aktivitet	s. 4
2.1. Grenser og grensemerking	s. 4
2.2. Verneforskrift, forvaltningsplan og skjøtelsesplanar	s. 4
2.3. Informasjon, skjøtsel og tiltak	s. 4
2.3.1. Informasjon	s. 4
2.3.2. Skjøtsel/tilrettelegging	s. 7
2.3.3. Registrering/dokumentasjon	s. 9
2.4. Tiltak som har fått særlege tilskot	s. 9
2.5. Sakshandsaming	s. 10
2.6. Ferdsel	s. 11
2.6.1. Ferdsel til fots og på ski	s. 11
2.6.2. Motorferdsel	s. 11
2.7. Reiseliv/kommersiell verksemd/arrangement	s. 12
2.8. Landbruk	s. 12
2.9. Dyr, fugleliv og jakt	s. 13
2.10. Bygging og andre inngrep	s. 13
2.11. Forsking/registrering	s. 14
2.12. Forsøpling, skader og ulemper	s. 14
3. Oppsummering - hovudinntrykk frå nasjonalparken og landskapsvernområdet i 2011	s. 14
4. Administrasjon	s. 14
4.1. Forvaltning og naturoppsyn	s. 15
4.2. Organisering av naturoppsynet	s. 15
4.3. Personell	s. 16
4.4. Møte/synfaringar/kurs som direkte vedkjem forvaltning og oppsyn	s. 17
4.5. Arbeidssamandrag	s. 18
Vedlegg:	
Adresser til tilsynsutval i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde	s. 18
Adresser og telefon til fylkesmennene	s. 18
Adresser og telefon til oppsyn	s. 19
Internettadresser	s. 19
Bilde frå tiltak og aktivitet 2011	s. 20

1. Innleiing

Jotunheimen nasjonalpark (ca 1151 km²) og Utladalen landskapsvernområde (314 km²) vart vedteken ved Kgl. res. 05.12.80. Verneområda ligg i kommunane Lom, Vågå og Vang i Oppland fylke og i kommunane Årdal og Luster i Sogn og Fjordane fylke. Arealet utgjer i alt 1.465 km².

I samband med fredingsvedtaket vart det vedteke verneforskrifter for områda. Formålet med Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde går fram frå verneforskriftene pkt. III:

"Formålet med nasjonalparken er å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning."

"Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vilt og vakkert vestlandslandslandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunna nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske."

Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda. Oppsynsarbeid, medteke skjøtsel, veiledning og informasjon, skal fremje formålet med vernet.

Det vart utarbeidd eigen forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde i 1998.

2. Status og aktivitet

2.1. Grenser og grensemerking

Grenseskilta ved dei mest nytta innfallsportane og turstiar vart kontrollerte. Nokre grenseskilt blir kvart år erstatta med nye.

2.2. Verneforskrift, forvaltningsplan og skjøtelsesplanar

Parallelt med revisjon av verneforskriftene vart det sett i gang arbeid med å revidere forvaltningsplanen for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde. Arbeidet med revisjon av forvaltningsplan og verneforskrifter starta opp i 2004. Fylkesmannen sende si tilråding til nye verneforskrifter etter høyring (høyringsfrist 31.12.2007) til Direktoratet for naturforvaltning den 03.07.2008. Siste møtet i referansegruppa for dette arbeidet var 30.09.2009. Her var også Direktoratet for naturforvaltning (DN) tilstades, og referansegruppa gav sine råd til DN si førebelse tilbakemelding på Fylkesmennene si tilråding. Ved årsskiftet 2011 førebudde DN si tilråding til nye verneforskrifter overfor Miljøverndepartementet. Etter at dei nye verneforskriftene er vedtekne ved Kgl.res. vil arbeidet med forvaltningsplanen bli slutført.

Det ligg føre 2 godkjente skjøtelsesplanar for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde. Det er skjøtelsesplan for heimre Utladalen (1998, revisjon starta opp i 2009) og skjøtelsesplan for Gjendebuområdet (2001). Kartleggingsarbeidet i forkant av ein påkrevd revisjon av skjøtelsesplanen for Heimre Utladalen starta opp i 2009.

Kulturlandskapsskjøtsel i heimre Utladalen blir utført årleg. Heimre Utladalen er karakterisert som eit av dei best forvalta kulturlandskapsområda i Sogn og Fjordane, og det vart også i 2011 lagt ned mykje arbeid gjennom slått, styrt beiting og hogst/tytning.

I Gjendebuområdet blir skjøtselstiltaka utført av oppsynet etter planen som Fylkesmannen gjennom Miljøfagleg utredning fekk utarbeidd, mellom anna kartlegging av biologisk mangfald i området. I 2011 vart det gjennomført ei evaluering av dei tiltaka som har vore utført.

2.3. Informasjon, skjøtsel og tiltak

2.3.1. Informasjon

I 2011 informerte naturoppsynet og sesongtilsette naturvegledarar direkte om lag 2700 personar i felt.

SNO Jotunheimen har delteke og informert på mange møter, seminar og arrangement om arbeidet i Jotunheimen. Oppsynet har generelt lagt vekt på informasjon og vegledning til brukarar av verneområda, skuleklassar og studentar.

Oppsynet gjennomførte/støtta opp fleire informasjonstiltak og naturvegledningsopplegg for skular og andre:

- I Utladalen vart den årlege nasjonalparkfestivalen arrangert helga 21. – 22. mai. Laurdagen vart Naturmangfalddagen markert i Avdalen ilag med Barnas Turlag. I alt 100 barn og vaksne deltok.
- 9. klassane i Årdal, "Politikameratene" (74 elevar) på tur til Avdalen den 7. – 8. juni. Eit årleg arrangement i samarbeid med politiet i Årdal.

- 9. klassen i Lom på tur i Vest-Jotunheimen med overnatting på Avdal gard i september. Ein årleg tur som har vore fast kvar haust i vel 10 år.
- "Besseggenløpet" ved Gjendesheim den 18. juni. SNO samarbeidde med DNT Gudbrandsdal om veiledningsopplegg for ungar.
- "Jotunheimendagen" ved Glitterheim den 4. juli, der SNO hadde foredrag og eigen post langs ei opplevingsrunde ilag med mange andre aktørar frå regionen.
- "Gjendinedøgnet" 14. – 15. juli ved Gjendebru. Ei teaterforestilling for å markere at Gjendine Slålien vart fødd for 140 år sidan. SNO's naturvegledar deltok i forestillinga denne helga. Omlag 120 besøkande.
- Samarbeid med Gjendesheim i høgsesongen med faste turar langs Gjende kvar fredag og foredrag på turisthytta kvelden før samt natursti i nærområdet ved Gjendeosen.
- Målrockkonsert ved Utladalen Naturhus laurdag 20. august. SNO deltok med info lavvo. Om lag 400 publikum.
- "Flaggermusnatt" ved Utladalen Naturhus fredag 26. august med over 90 barn og vaksne. Ei markering av FN's internasjonale flaggermusår i samarbeid med Norsk Zoologisk foreining.
- 4. klasse ved Vågåmo skule fekk besøk av SNO den 22. september. Tema biologisk mangfald.
- Haustmarknad ved Utladalen Naturhus 22. – 23. oktober. SNO i samarbeid med mange lokale aktørar.
- Vegledning av 10 praktikantar (skjøtselsmannskap) i Utladalen heile sommaren.
- Ny plakate om turen over Besseggen og langs Gjende og Bessvatnet vart fullført og hengt opp i sommar. Dette arbeidet er utført av SNO Jotunheimen og Fylkesmannen i Oppland i samråd med Gjendesheim TH, DNT Oslo og Omegn, Gjendebåten AS, Gjendeosen Kiosk og Parkering og Vågå kommune.
- I samarbeid med Fjellmuseet fekk SNO trykt opp ein "roll up" med informasjon om verneområda i Jotunheimen for utplassering inne på turisthyttene. Glitterheim har vore "prøveklut" i sommar, og vertskapet melder om at det har vore særleg vellykka.
- Nye informasjonsplakatar om verneområda i Jotunheimen vart sett opp ved Spiterstulen og ved Fjellmuseet.

Prosjektet "Naturvegleiing i Jotunheimen"

Prøveprosjektet med eigne naturvegledarar som starta opp i 2009 (jfr årsmelding for 2009), fekk også i 2011 midlar og har vore vidareført dette året. Hovudmålsettinga er å gje besøkande innsikt i, forståing for og kunnskap om natur- og kulturarven i Jotunheimen. I tillegg til naturvegleiing knytt til "tilfeldige møte" langs vandrerutene er det arbeidd med tematiske vegledingsopplegg, naturstiar, informasjonskveldar/dagar og kurs. Hovudtema kan oppsummerast i følgjande fem punkt:

- Lokal natur- og kulturhistorie
- Flora og fauna i Jotunheimen
- Geologiske prosesser som har forma landskapet
- Verneformål
- Klimaendringar og korleis det påverkar dyre- og plantelivet

Dei tildelte midlane gav rom for å tilsette 1 naturvegledarar i tidsrommet 25. mai til 17. november. I tillegg er naturvegleiing ei spesielt prioritert arbeidsområde for alle i oppsynet i Jotunheimen og sesongtilsette ved Utladalen Naturhus. Før sommarsesongen vart det også i år gjennomført eit seminar over tre dagar på Gjendesheim for naturvegledarar og oppsynsmannskap. Det vart lagt spesielt vekt på vegledarrolla og målgruppekjennskap.

Gode erfaringar dette året kan nemnast:

- Jamn kontakt med dei ulike aktørane i området er både nyttig og naudsynt. Vi kan gjensidig informere kvarandre og besøkande om aktuelle hendingar, vår og føre m.m.
- Gjendeosen er eit område med mykje gjennomgangstrafikk kor det er behov for "korte naturaktivitetar" som kan nyttast av besøkande på dagsbesøk eller turgåarar som har

kviledagar før dei skal vidare inn eller ut av Jotunheimen. Ein permanent natursti kan derfor vere godt eigna til formidling av kulturhistorie, flora/fauna, verneformål osv. Ein permanent natursti er etterspurt av dei som driv turistnæring i området. Gjendeosen er også godt eigna til formålet, da fleire stiar dannar korte rundturar i området.

Tilfeldige møter på Gjendebåten og på brygga gir gode mulegheiter for formidling og mange viser interesse for både informasjon og naturvegleiing her.

På turisthyttene er det lett å komme i kontakt med dei besøkande. Mange viser stor interesse for å lære meir om området dei er på tur i. Ofte har dei besøkande mange spørsmål frå turane dei har gått og uttrykkjer eit ønske om å lære meir om området. Samling i peisestua om kvelden, anten med bildeforedrag eller samtale, er populært.

Tilfeldige møter langs stien gjev rom for naturvegleiing i sitt rette element. Her får naturvegleiaren anledning til å møte folk der dei er og gjennom *oppleving* i naturen gje rom for *innleving*. Det å følgje dei besøkande anten som gruppe eller enkeltpersonar over ein lengre distanse og tid, aukar mulegheit for refleksjon.

Turhandbøker som viser vandrerruta stipla på bilde er nyttige å ha med i sekken og er illustrative når folk ynskjer informasjon om dei ulike vandrerrutene. Gode kart i ulike målestokkar er sjølvsagt å ha med.

Norsk Fjellmuseum

I Norsk Fjellmuseum har Norsk Høg fjell-, Jotunheimen-, Jaktvåpen- og Mammut-utstillingane vore opne for publikum.

Sommaren 2011 opna Norsk Fjellmuseum utstillinga "Ut av isen". Denne utstillinga er eit samarbeid mellom Gudbrandsdalsmusea, Kulturhistorisk museum i Oslo og Norsk Fjellmuseum, og viser originalfunn gjort i nasjonalparkane Reinheimen, Breheimen og Jotunheimen i 2006 og 2007 da snøsmeltinga av breane var særleg stor. Utstillinga viser gjenstandar bruka i jakt- og fangst av rein og er integrert i eksisterande hovudutstilling. Det er planlagt utviding med fleire funn i 2012. Funna stammar frå folkevandringstid (400-talet) til slutten av middelalderen (1500-talet).

På Norsk Fjellmuseum er det i dag ei informativ utstilling om Reinheimen, men denne utstillinga er midlertidig og Reinheimen skal integrerast i nye formidlingsløysingar på Norsk Fjellmuseum der nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen får plass.

Vinterfestivalen "Barske Glæder" vart arrangert for sjuande gong i mars 2011, i samarbeid med Gudbrandsdalsmusea, SNO, Lom fjellstyre og Norsk Villreinsenter på Hjerkin. Det er Norsk Fjellmuseum som er hovudarrangør, og har so mål å engasjere alle 5.-klassane i Ottadalen (Lom, Skjåk og Vågå). I 2011 var naturmangfald tema i tillegg til det enkle friluftsliv.

Den Europeiske nasjonalparkdagen vart feira i Lom den 14. mai. Det var guida tur langs Bordvassvegen, servering av lokal mat, dukketeater for barn med vekt på naturmangfaldet og foredrag med Jarle Trå.

I samarbeid med kommunen og Jotunheimen Reiseliv AS arrangerte Norsk Fjellmuseum vertskapskurs i nasjonalparklandsbyen Lom. Dette gjekk ut på å bli kjent med alle 3 nasjonalparkane i kommunen, aktivitetstilbod og god lokalkunnskap.

Årboka for Norsk Fjellmuseum/Jotunheimen nasjonalparksenter for 2011 var ny bok i serien "Norges nasjonalparker", i 2011 var "Jostedalsbreen" årbok. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Norsk Fjellmuseum, SNO/DN, DNT og Gyldendal forlag. Boka er ei praktbok i større format.

"Klimapark2469"

I 2011 var det viktigaste målet for Klimapark2469 å gå over frå å vere prosjekt til eit etablert selskap. Interimstyret arbeidde med fokus på dette og 31. august 2011 vart selskapet stifta med 3 eigarar; Oppland fylkeskommune, Lom kommune og Norsk Fjellmuseum.

Det var tilbod om guida formidlingsopplegg i sesongen 2011, med om lag same opplegget som i 2010. Formidlingsopplegget er ein guida tur i Klimaparken på Juvflya med tema arkeologi, glasiologi, meteorologi, flora, fauna, permafrost og geologi. Turen blir avskutta med istunellen, der ein kjem inn i over 4000 år gammal is.

Om lag 2500 personar vart guida i Klimaparken sesongen 2011. Alle 9.-klassane i heile Nordalsregionen hadde opplegg her i år som i fjor. Elles var det fleire høgskular, universitet, vidaregåande skular og turistar som besøkte området.

Klimaparken på Juvflya legg stor vekt på å vere tilgjengeleg for alle som ynskjer å kome dit. MD og Sparebankstiftelsen har løyvd midlar tilrettelegging. I 2011 vart det lagt ut forskjellige typar gangbanar for uttesting samt at det vart leigd inn mannskap frå Nepal som er ekspertar til å tilrettelegge ved hjelp av stadeigen stein. Det vil bli arbeidd vidare med dette i 2012.

Det vart også i år arrangert Klimacamp. Dette er ein camp der ungdom får treffe kvarandre, forskarar knytt til klimautfordringar, politiske beslutningstakarar lokalt, regionalt og nasjonalt.

2.3.2. Skjøtsel/tilrettelegging

Naturopsynet utfører kvart år faste skjøtseltiltak som renovasjon, ettersyn/vedlikehald av tidlegare utførte tilretteleggingstiltak og ettersyn/vedlikehald av grenseskilt og informasjonstavler. I samarbeid med forvaltningsstyresmakta gjennomfører naturopsynet årleg mange ulike skjøtsel- og tilretteleggingstiltak, registreringar og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka vert utført av sesongtilsette eller ved tenestekjøp av spesialkompetanse.

Jotunheimen Vest

Stiftinga Utladalen Naturhus (SUN) koordinerar skjøtels- og informasjonsarbeidet i heimre Utladalen. Skjøtselstiltak i Utladalen er som tidlegare vidareført med bakgrunn i utarbeidd skjøtelsplan for området (godkjent i 1998). I tillegg til slått vert ein del av den inngjerda kulturmarka beita av sau og geit. Revidering av skjøtelsplanen starta opp i 2009 ved ny kartlegging av det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet. I 2010 vart arbeidet starta opp med å restaurere delar av kulturmarkene rundt Vormeli på bakgrunn av kartlegging av biologiske verdiar og tilrådingar om skjøtsel (jfr Rapport VTE 1- 2008 Tanaquil Enzensberger). Dette arbeidet vart vidareført i 2011. Arbeidet med å revidere skjøtelsplanen heldt fram i 2011.

Skjøtsel og tilrettelegging i eit såpass bratt og uvegsamt terreng som Utladalen stiller store krav til dei som skal utføre arbeidet. Det viser seg å vere ei utfordring å få til eit effektivt og rasjonelt arbeid. Ikkje minst er det ei utfordring å finne det best eigna maskinelle / tekniske utstyret til skjøtsel av gammal, bratt, steinut kulturmark. Det er ei målsetting å nytte to-hjuls slåmaskin der det er framkomeleg.

I Avdalen vart fleire små slåtteteigar langs natur- og kulturstien restaurerte for første gong ved hogst, krattrydding og slått.

Langs Vettisvegen vart det i haust utført ein ekstra innsats i å rydda og tynna skog og kratt for å opne opp for utsikt mot Utla og Høljefossen.

Årleg må delar av stien fram til foten av Vettisfossen gravast fram over dei to rasutsette partia langs Utla. I tillegg vart heile strekninga av stien fram til Vettisfossen frå Vetti restaurert ved bruk av stein utført av sherpaer frå Nepal via tenestekjøp frå Geirr Vetti i Luster.

Brua over Utle ved Brendeteigen vart delvis heilt øydelagt i flaumen i pinsehelga da Utle steig med vel 3 meter. Brua vart restaurert av mannskap tilsett ved Utladalen Naturhus og nytt brukar vart mura oppatt på austsida.

Hengjebrau over Utle nord for Skogadalsbøen, den såkalla Storebrui, var særskilde skrøpeleg og hadde behov for opprusting. Omfattande reparasjonar vart utført av mannskap innleigd frå Impec i Årdal.

Også i 2011 vart det utført ein god del restaureringsarbeid på den T-merka turstien opp til Fannaråken frå Helgedalen. I år vart det meste av arbeidet utført i den øvre delen av stien, og kan no seiast å vere slutført. Arbeidet vart utført av sherpaene.

I samarbeid med Utladalen Sameige vart steinmurar ved to sel ved Skogadalsbøen og eitt i Guridalen restaurert i sommar. Dette arbeidet vart utført av sherpaene.

Stien opp til fjellstølen i Gravdalen frå Avdalen vart delvis rusta opp ved steinsetjing og grøfing. Dette arbeidet vart utført på dugnad av Årdal Turlag. Elles er 3 sel i Gravdalen no restaurerte i regi av Årdal Turlag.

Jotunheimen Aust:

Stien opp lia frå Spiterstulen til Galdhøpiggen vart lagt om og tilrettelagt med stein og solide vassrenner i stein. Eroderte snarveggar vart midlertidig stengt att. Dette arbeidet vart utført i samråd med drivarane på Spiterstulen.

Stien opp vestre enden av Glittertind vart delvis lagt om og tilrettelagt med stein for å sikre ein tryggare og betre trasee. I tillegg vart store eroderte område nede på flatene vest for Glittertind restaurert og nye avleiingsgrøfter for vatn vart mura opp. Arbeidet vart utført av sherpaene.

Skjøtsel av den gamle kulturmarka i Gjendebuområdet heldt fram med noko mindre innsats i år. Ressursar vart i staden lagt i ei evaluering av dei skjøtselstiltaka som er utført Førebels rapport frå Miljøfaglig Utredning (MU, hovudpunkt). Vest for tunet har avstandsregulering av bjørk og rydding av skog/kratt hatt ei positiv effekt landskapsmessig, og saman med beiting har det også verka positivt på biologisk mangfald rundt fjellstyrehytta og nedfor den gamle slåttenga. Sjølv slåttenga har vorte beita av storfe, noko som ikkje er gunstig for denne som slått var, og det vart m.a. leita etter delpopulasjoar av handmarinøkkel (NT) som var registrert her i 2003, men det vart ikkje funne. Beitinga er likevel positiv for dette delområdet samla sett, og det er nok ikkje gunstig å gjerde dyra ute frå slåttenga, og så slå denne. Også delar av enga som i 2003 var i attgroing (nedre del) blir no beita, noko som har ført til eit større mangfald for denne delen.

Beiting med geit har virka positivt inn på området rundt tunet og mellom tunet og brygga, særleg nedfor vegen. Ovafor vegen beita det tidlegare storfe, men det blir no berre slege i tilknytning til teltplassane. Dette vil på sikt føre til attgroing av natureng inntil teltplassane (som ikkje blir belasta med mykje trakk), og dette kan ein sjå allereie no. Framover vil MU foreslå at det framleis blir rydda ein god del bjørk nedfor den gamle slåttenga samt at også geit blir set inn på fleire område vest for tunet. Aust for tunet foreslår MU at større areal blir slått kring teltplassane for å kompensere for opphør av beite her.

Forsøket med geit som beitedyr ved Gjendebu vart starta opp i 2009 og vidareført også i år. 18 geitebukkar (kje) gjekk på beite store delar av sommaren.

Den gamle brygga ved Gjendebu vart reve og ny brygge vart bygd. Dette arbeidet vart utført av Storådalen Beitelag med midlar frå Lom kommune (SMIL), fjellstyret, DNT Oslo og Omegn og forvaltningsmidlar.

2.3.3. Registrering/dokumentasjon

I samband med oppsvarsarbeidet vert naturtilstanden generelt, samt fauna og flora spesielt, registrert og dokumentert m.a. for å kunne følgje med i utviklinga i området over tid. Vidare blir faste installasjonar og kulturminne registrert.

Ei kartlegging av ugler og dagrovfuglar i Utladalen starta opp i 2009. Dette arbeidet vart vidareføre i 2010. Utladalen viser seg å vere eit rikt område for desse artane. Arbeidet var planlagt utvida i 2011, men p.g.a. sjukdom vart dette ikkje gjennomført. Målet er å vidareføre denne kartlegginga i 2012. Elles laga SNO ei liste over fuglearter for Jotunheimen som oppsynet skal prioritere å registrere.

I Lom, Vågå og Vang har det elles vore fokusert på dokumentasjon og registreringar i mindre verneområde.

Som ei vidareføring av brukarundersøkingane i 1992 og i 2002, vart det i 2010 gjennomført ei ny brukarundersøking i Jotunheimen i regi av Fylkesmannen i Oppland. 8 kassar for sjølregistrering vart utplassert ved dei mest sentrale innfallsportane på aust og vestsida av nasjonalparken /landskapsvernområdet. Oppsynet stod for det praktiske med utplassering av kassar og innsamling av skjema. Til skilnad frå dei to første undersøkingane, vart det i 2010 gjennomført ein oppfølgjande undersøking pr e-post. Det vart innsamla 9000 svar frå sjølregistreringskassane. Av 2250 utsendte e-postar vart det motteke ca 1550 svar på dei oppfølgjande spørsmåla. Data frå undersøkingane vart analysert i 2011 og syner endringar på følgjande punkt:

- Fleire seniorar, gruppa med middelaldrande, eldre er aukande
- Fleire nasjonar er representert som besøkande
- Færre brukarar er på fleirdagars fottur
- Kortare fleirdagarsturar
- Mindre kunnskap om regelverket
- Større tilfredsheit med forvaltninga

Undersøkinga viser stabilitet m.o.t. ein framleis stabil og høg andel utlendingar som besøker Jotunheimen, nivå på friluftslivserfaring og "etikk" knytt til friluftslivet. Motstanden mot kontroversielle aktivitetar som t.d. heliskiing er framleis like stor.

2.4. Tiltak som har fått særlege tilskot

Følgjande tilskot vart gjeve til særlege tiltak i nasjonalparken og landskapsvernområdet i 2011:

Tildeling over forvaltningsbudsjettet:

Stitilrettelegging Fannaråken	300 000
Villreinovervaking	15 000
Bruer Utladalen	100 000
Skjøtsel kulturlandskap Utladalen	200 000
Kartlegging dagrovfuglar og ugler	60 000
Stitilrettelegging Glittertind vest	300 000
Stitilrettelegging Galdhøpiggen	100 000
Informasjonsplakatar	100 000
Brygge Gjendebu	80 000
Skjøtsel Gjendebu	45 000
Naturveiledarprosjektet	250 000
Klimapark2469	450 000*

*) Direkte frå MD, ikkje som ein del av bestillingsdialogen SNO/FM

Tilskot frå landbruksavdelinga, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

SMIL-midlar til kulturlandskapskjøtsel i Heimre Utladalen	70 000
SMIL – midlar til ny brygge ved Gjendebru	52 000

Tilskot frå Årdal kommune:

Skjøtsel langs Vettisvegen og P-plass ved Hjelle	30 000
Sum:	1 852 000

2.5. Sakshandsaming

Fylkesmennene handsama i 2010 i alt 38 saker som gjaldt verneområda (18 saker i Oppland, 20 saker i Sogn og Fjordane, både Jotunheimen NP og Utladalen LVO).

Fylkesmannen i Oppland:

- 3 motorferdselsaker Gjendebåten (ekstraturar til Gjendebru)
- 5 motorferdselsaker (materialar/utstyr hytter, bruer)
- 1 inngrepsak (ny brygge ved Gjendebru)

Nasjonalparkstyret/AU:

- 1 vedtak (midlertidig sikringstiltak, sti langs Gjende)
- 1 vedtak (uttak stein for kunstprosjekt, Oslo kommune, inkl motorferdselløyve)
- 2 arrangement (3-årig løyve for Galdhøpiggenrennet, 2 årig for Besseggenløpet)
- 2 motorferdsel (4-årig løyve, transport til Tindeklubben/Skagadalen og Olavsbu)

Nasjonalparkstyret hadde totalt 29 saker totalt til handsaming, mange av desse var av administrativ karakter. Det vart gjennomført 3 møter.

Det kjem ein del førespurnader om landing med helikopter på ulike fjelltoppar i samband med ulike reklame- og filmoppdrag. Fylkesmannen har informert om praksisen på dette området, og ein del initiativ (og med det potensielle søknader) har derfor vore avvist gjennom denne dialogen.

I Sogn og Fjordane sin del av nasjonalparken og landskapsvernområdet var det 15 søknader om løyve til ulike tiltak/motorferdsel, og alle søknadane fekk løyve. Av dei 15 løyva som vart gjeve var det 13 for motorferdsel (9 snøskuter, 3 helikopter og 1 gravemaskin) og 1 løyve til kvisting av skiløype ved Trollsjøen ved Tyin, og 1 for oppføring av 3 uthus. Løyvet til å køyre gravemaskin gjaldt utskifting av ei høgspenmast (Vang Energiverk) like ved vegen inn Koldedalen. Arbeidet med utviding av Olavsbu (løyve 2009) starta opp i 2010 og var årsak til mykje helikopter- og snøskutertransport i 2011 som året før.

Ingen søknader om motorferdsel fekk avslag, men nokre av søknadane fekk løyve til motorferdsel etter vilkår som var endra i høve til det dei søkte om. Ein av søknadane om bruk av helikopter gjaldt i samband med filmopptak.

Når det gjeld fleirårige løyve frå tidlegare år så har DNT Oslo og Omegn eit fleirårig løyve (2009-2012) til motorferdsel (helikopter og snøskuter) for drift av sine hytter i verneområda, og Sogn og Fjordane Røde Kors Hjelpekorps eit fleirårig løyve til kjentmannskjøring i landskapsvernområdet og Sogn og Fjordane sin del av nasjonalparken (etter felles opplegg for alle dei store verneområda i

fylket). Utladalen Sameige har elles eit fleirårig løyve til helikoptertransport av jaktkjøt frå Guridalen og Skogadalsbøen.

2.6. Ferdsel

2.6.1. Ferdsel til fots og på ski

Ferdsel i verneområda i Jotunheimen hadde ein nedgang, spesielt i sommarhalvåret i 2011. Dette skuldast nok i hovudsak ein spesielt våt sommar og få periodar med finvêr. Overnattingstala frå DNT-hyttene viser ein nedgang i både sommar- og vintertrafikken, og det same syner talet selde billetter ved Gjendebåten.

Tal transporterte turistar med båtane på Gjende var 30800 i 2011 mot 35 880 i 2010, 33155 i 2009 og 34191 i 2008.

	Sommar	Vinter	I alt
2002	37762	8694	46456
2003	39316	9360	48676
2004	36720	8105	44825
2005	38417	8243	46660
2006	39648	8585	48231
2007	39201	8271	47472
2008	39633	8309	47942
2009	38270	8311	46581
2010	38732	7664	46396
2011	36446	6825	43271

Fig. 1. Overnatting i DNT Oslo og Omegn sine turisthytter i- og like utanfor verneområdet.

Det er fire private turisthytter innafor nasjonalparken som ikkje er med i statistikken over. Overnattingstalet for desse hyttene er estimert til om lag 10000 i året. I tillegg kjem overnattingar i telt og privathytter i verneområda.

2.6.2. Motorferdsel

Det ikkje registrert noko ulovleg motorferdsel utanom dei som har løyve til nyttekjøring.

Oppsettet nedanfor viser omfanget av motorferdselsakar mellom 2000-2011 (Søknader/løyve gitt)

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Snøscooter	7/7	7/7	5/5	7/6	9/8	6/5	5/3	5/5	13/12	4/4	11/1 14/4 +7/7	13/13
Båt	0/0	0/0	2/2	2/2	1/1	0/0	5/5	8/7	3/3	4/4	1/1	3/3
Helikopter/fly	6/6	9/9	1/1	5/5	4/2	4/4	0/0	2+3/2+2	1/1	4/4	6/6 +2/2	3/3
Bil/barmark	5/5	10/8	2/2	2/2	1/1	0/0	2/2	3/3	5/5	2/2		1
Andre	3/2	2/1	3/3	0/0	0/0	2/2	2/2	-	0/0	4/4		1
Sum	21/20	28/25	13/13	16/15	15/12	12/11	14/12	21/19	21/20	16/16	41/21	21/21

I rubrikken "andre" inngår fleirårig løyve gjeve til DNT i samband med drifta av turisthyttene og turrutenettet (bil, båt, snøskuter, fornya løyve i 2009) og fleirårig løyve gjeve til NVE i samband med transport av måleutstyr til undersøking av bre. Fleirårige løyve er elles berre notert det året det vart gjeve.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav i 2009 for første gong løyve til bruk av snøskuter for Røde Kors Hjelpekors til kjentmannskjøring før påske i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Løyvet vart gjeve etter å ha hatt ein grundig gjennomgang av opplegget saman med Røde Kors Hjelpekorps. Politiet har også vurdert søknaden. Løyvet gjeld for eit avgrensa tal turar langs nokre av dei mest trafikkerte rutene, der det er mest truleg at redningsaksjonar vil vere aktuelle. Løyve vart gjeve på nytt i 2010 for åra 2010 – 2012.

2.7. Reiseliv/kommersiell verksemd/arrangement

Med "Fjellteksten" ynskte regjeringa å opne for auka miljøtilpassa turistverksemd som ikkje er i konflikt med verneformåla i nasjonalparkane. Forvaltninga legg vekt på å ha god kontakt med dei som driv organiserte turopplegg.

Oppsynet konsentrerer seg om dei sentrale områda og hovudinnfallsportar dei månadane det er størst trafikk, som Gjendeområde, Galdhøpiggenområdet, Visdalen, Fannaråken, Skagastølsdalen, Utladalen, Koldedalen, der dei driv vegledning og informasjon overfor besøkande samt kontroll med bruken av områda. Bortsett frå nokre tilfelle av laushund er det er ikkje observert særskilte problem i 2011.

Det vart i år arrangert eitt telemarksrenn i nasjonalparken, "Galdhøpiggenet" i Visdalen, med 400 deltakarar første laurdag etter påske, den 26. april. "Tinderittet" ved Turtagrø i Luster vart også i år avlyst p.g.a. lite snø i dei nedre delar av Dyrhaugsryggen.

"Besseggløpet" vart arrangert for første gong sidan 1963 den 18. juni med i alt 72 deltakarar. Motbakkeløpet "Galdhøpiggen Opp" vart arrangert for tredje gong 9. juli med 57 deltakarar.

Ved "Fannaråken Opp" den 6. august gjennomførte 426 deltakarar løpet, derav 197 i konkurranseklassa. For å unngå at deltakarane tek snarveggar er alle svingar merkte under løpet med raude plaststikker. Desse blir fjerna rett etter løpet. IL Fannaråk fekk nytt løyve for åra 2010 – 2015. Oppsynet har ikkje registrert uheldige tilhøve i samband med desse arrangementet.

Like utanfor Jotunheimen nasjonalpark, på Turtagrø, er det 2 arrangement som meir eller mindre brukar nasjonalparken. Det gjeld "High Camp", der overnatting og arrangement om kvelden er lagt til Turtagrø Hotel med dei næraste omgjevnadane, og "Fjellfilmfestivalen". High Camp i 2011 gjekk føre seg 5. – 8.mai, og det vert arrangert skiturar med mindre grupper til fjelltoppane i området. Vel 600 personar kjøper billetter til det som vert kalla verdas største toppturarrangement. Fjellfilmfestivalen andre helga i september arrangerer også turar i området, og har hatt filmframsyning ute ved Fannaråkytta. Forvaltninga og oppsynet følgjer med på kor stor grad arrangementa påverkar naturmiljøet og om dei vert så store at dei er søknadspliktige for dei delane som skjer inne i nasjonalparken. Særleg for High Camp i mai har dette vore ei viktig problemstilling i høve til villreinstammen i Vest-Jotunheimen (sjå teksten om villrein).

2.8. Landbruk

Storådalsdrifta hadde i 2011 105 storfe på beite i Veslådalen-Storådalen-området. Feet blir transportert inn til vestenden av Gjende med båten "Kua og kalven". I Veodalen var 213 storfe på beite. I Visdalen beita ein del sauer frå Nigard Sulheim. Utladalen sameige hadde 600 sau på beite i Gjertvassdalen,-/Guridalen-/Kongsdalen-området.

I samband med kulturlandskapskjøtsel gjekk det 18 sauer og 2 geiter på beite i Avdalen og ved Vetti i Utladalen.

Lom tamreinlag og Vågå tamreinlag nyttar dei austlege områda av nasjonalparken som beite for tamrein. Talet på rein er stabilt med til saman om lag 4700 rein i vinterflokk (etter slakteuttak), fordelt omlag slik: Lom 2400, Vågå 2300.

2.9. Dyr, fugleliv og jakt

Ein kan no slå fast at villreinstamma ser ut til å auke att. Det har vore ein normal kalvetilvekst dei siste åra. Under kalveteljninga i slutten av juni vart det telt 80 kalvar (79 kalvar i 2010 og 49 i 2009). Under totalteljinga i vinteren 2011/2012 vart det registrert 308 vinterdyr (268 i 2010 og 182 i 2009). Det er ikkje funne daude dyr dette året. Dei seinare åra har SNO hatt eit spesielt fokus på villreinstamma i Vest-Jotunheimen. Det har ikkje vore opna for jakt dei fire siste åra. Det vil vere ei utfordring framover å sikre at villrein kan nytte dei viktige beiteområda i nasjonalparken som ligg i området Hurrungane – Fanaråken – Sognefjellet. Dette er det snøsikraste området av Vest-Jotunheimen villreinområde, og derfor viktige beiteområde, spesielt om sommaren. Det vil vere spesielt viktig å få til ein god dialog med arrangørane av dei store arrangementa i dette området for å sikre at det vert teke omsyn til villrein.

I vinter gjekk 7 elgar i flokk ein periode nede i lisdene ved Avdalen. Utpå seinvinteren vart det funne kadaver etter 2 elgar nede i dalen i dette området. I nordre delen av Utladalen verkar det som elgbestanden er mindre no enn tidlegare. To elgar vart sett av oppsynet øvst i Skogadalen i mars. Det har ikkje vore observert elg ved vestenden av Gjende i år.

Det vart påvist hekking av kongeørn i Knutshø i år, og ein unge vart observert i reiret i juli. I Utladalen var det ikkje påvist hekking av kongeørn i år. Det er heller ikkje påvist hekking av jaktfalk i år i Jotunheimen. Hekking av kattugle registrert ved Hjelle. Dessutan vart det observert hønehauk, spurvehauk og ein del tårnfalk i Utladalen. Det har vore eit særskilt bra smågnagarår, med mykje mus og lemen å sjå utover vårvinteren. Men bestanden gjekk sterkt tilbake i midten av mai.

I Luster sin del av verneområda vart det ikkje felt elg og hjort i år. I Årdal sin del av verneområda vart det felt 3 elgar og 10 hjortar (området Vettismorki /Stølsmaradalen , Hjelledalen , Avdalen). Ved Gjende var det heller ikkje i år elgjakt

Det vart også i 2011 gjennomført bestandsregistrering av jerv.

2.10. Bygging og andre inngrep

Sogn og Fjordane:

Årdal jeger- og fiskerforening (ÅJFF) fekk løyve til oppføring av eit uthus (kombinert toalett og vedlager) ved kvar av sine 3 hytter i landskapsvernområdet, ved Trollsjøen, Vasspollane og Kyrkjvatnet. Uthusa fekk eit rammeløyve i 2010, og ÅJFF vart bedne om å kome med teikningar for endeleg løyve vart gjeve i 2011. Arbeidet med utviding og oppgradering av tilbygg på Olavsbu heldt fram i 2011 etter at det starta opp i 2010 (løyve i 2009).

Oppland:

Det vart gjeve løyve til ny brygge for Storådalen Beitelag ved Gjendebu. Brygga er viktig for å lette transporten av beitedyr over Gjende til Gjendebu, og dermed oppretthalde verneverdiane i det beiteprega landskapet ved Gjendebu. Områdestyret har gjeve løyve til uttak av 1-2 steinar ved Galdhøpiggen i samband med eit kunstprosjekt på Grünerløkka i Oslo. Områdestyret meiner at eit slikt avgrensa uttak, om det gjerast i samråd med SNO/nasjonalparkforvaltninga ikkje vil ha nokon negativ påverknad på verneverdiane, og at det vil bidra til ei positiv profilering av Jotunheimen og Galdhøpiggen.

2.11. Forsking/registrering

Det blir gjennomført forskning og naturovervaking innanfor nasjonalparken. Mykje av dette er knytt til vurdering av breaktivitet og naturtilhøve som kan kaste lys over verknader av klimaendringar. Verksemda blir drive av NVE og universiteta. NVE har hatt målingar på Storbreen, Heillstugubreen og Gråsubreen gjennom mange tiår. Sidan frontmålingane starta på Hellstugubreen i 1901, har tilbakegangen vore drygt 1 kilometer. Avsmeltinga skjedde raskast mellom 1940 – 1980. I ein rapport frå NVE med målingar frå for eksempel Hellstugubreen, ser ein at denne breen hadde ein rekordstor netto avsmelting på 6.1 mill. m³ vatn, + -0,9 mill m³ i 2006. Dette medførte ei tilbaketrekning på 15 meter. I 2007 vart det målt 10 meter tilbaketrekning, i 2008 vart det målt 0 meter, i 2009 var målt til 10 meter og i 2010 målt tilbaketrekning på i alt 14 meter. Sist sommar smelta Hellstugubreen tilbake i alt 21 meter. Leirbreen hadde ei tilbaketrekning i 2011 på 9 meter mot heile heile 50 meter i 2010. På Storbreen er det berre eitt år tidlegare (1996) målt mindre snø sidan målingane starta opp i 1949. I 2011 vart det målt ei tilbaketrekning på 5 meter på Storbreen.

2.12. Forsøpling, skader og ulemper

Oppsynet registrerer kvart år utviklinga i området som gjeld m.a. slitasje og søppel. Generelt er det lite søppel i området, men det er døme på lokalt større førekomstar av søppel, spesielt ved mykje bruka leir- og rasteplassar. Under ei synfaring opp mot Galdhøpiggen frå Juvasshytta den 19. august, vart det avdekt mykje avfall som var delvis gjømt under steinar ved dei faste rasteplassane. Det vart også i 2011 rydda ein god del søppel ved leirplassar og andre plassar med stor ferdsel.

3. Oppsummering - hovudinntrykk frå nasjonalparken og landskapsvernområdet i 2011

Etter ein spesielt snøfattig vinter i dei austlege delane av Jotunheimen, og ein særleg regntung sommar over det heile, kan ein slå fast at besøkstalet har gått ein del ned, spesielt i dei sentrale områda. Kraftig og mykje nedbør om sommaren gjer at både slitasje, erosjon og direkte skade vert meir omfattande enn normalt. Ting kan skje plutsleg og utan forvarsel. Ekstremt mykje regn i pinsehelga førte m.a. til at Utlå steig med vel 3 meter og brua over elva ved Brendeteigen vart delvis øydelagt. Uvêret i julehelga førte til ein god del trevelt og stormherja skog i heimre Utladalen, og Luster fjellstyre si hytta ved Gjertvatnet og Hydro Energi si hytte i Koldedalen vart delvis øydelagde i denne stormen som fekk namnet "Dagmar".

4. Administrasjon

4.1. Forvaltning og naturoppsyn

Forvaltning og naturoppsyn i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsverneområde er organisert slik:

Fylkesmannen i Oppland og Sogn og Fjordane var forvaltningsstyresmakt for nasjonalparken og landskapsverneområdet fram til 14.06.2011 då Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vart konstituert. Sakshandsamar var Tom Dybwad hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Harald Klæbo hos Fylkesmannen i Oppland. Den nye ordninga med eit nasjonalparkstyre er skjedd etter vedtak i Regjeringa.

Nasjonalparkstyret er forvaltningsstyresmakt for dei to verneområda i Jotunheimen, med ansvar for (forvaltnings-)planlegging og handsaming av dispensasjonssaker i medhald av

verneforskrifta. Nasjonalparkstyret var slik samansett i 2011 (med personleg vara for kvar av medlemmane):

- Rune Øygard, Vågå kommune (leiar)
- Anders Bolstad, Luster kommune (nestleiar)
- Mai Bakken, Lom kommune
- Arild Ingar Lægreid, Årdal kommune
- Knut O. Haalien, Vang kommune
- Anne Marie B. Jøranli, Oppland fylkeskommune
- Randi Rønnekleiv Melvør, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for alt oppsyn, som inneber informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering, dokumentasjon og kontroll.

Nasjonalparkstyret hadde møte 14.06.2011 (konstituering), 19.10.2011 og 13.12.2011. Tom Dybwad og Harald Klæbo er sekretær for nasjonalparkstyret fram til to nasjonalparkforvaltarar tek til i stillingane (i 2012), ein i Luster og ein i Lom.

Etter kommunevalet hausten 2011 har kommunane og fylkeskommunane innstilt dei nye medlemmane til nasjonalparkstyret for kommunevalperioden. Det er Miljøverndepartementet som oppnemner det nye styret som vil bli konstituert i 2012.

I kvar kommune (Årdal, Luster, Lom, Vågå og Vang) som har areal i verneområda er det eit tilsynsutval. Utvala er statlege, men blir valde av dei einskilde kommunane. Det er eigne retningslinjer for tilsynsutvala si verksemd. Dei har uttalerett i dei fleste sakene i verneforskriftene. Utvala skal følgje med i at forvaltninga skjer i samsvar med intensjonane. I tillegg til at tilsynsutvala har eigne møte har dei i tråd med retningslinjene for tilsynsutvala eit fellesmøte kvart år. På fellesmøte blir tilhøva i verneområda, forvaltning og oppsyn evaluert og diskutert, også i eit framtidig perspektiv. Fellesmøtet i 2011 vart halde 28. – 29. september i Visdalen med overnatting på Spiterstulen. Nokre av medlemmane i nasjonalparkstyret var med på fellesmøtet.

I nasjonalparkstyret skal det opprettast eit fagleg rådgivande utval, som då vil erstatte fellessamlinga til tilsynsutvala. På styremøtet 19.10 vart det med bakgrunn i røynslene med fellessamlinga for tilsynsutvala vedteke at samansetjinga skal vere slik:

- Tilsynsutvalet i Luster (2 medlemmar)
- Tilsynsutvalet i Lom (2 medlemmar)
- Tilsynsutvalet i Vang (2 medlemmar)
- Tilsynsutvalet i Årdal (2 medlemmar)
- Tilsynsutvalet i Vågå (2 medlemmar)
- DNT Oslo og Omegn (2 medlemmar)
- Naturvernforbundet i Oppland
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- NJFF Oppland
- NJFF Sogn og Fjordane
- Norsk Fjellmuseum
- Utladalen Naturhus
- Reiselivsinteresser i Oppland
- Reiselivsinteresser i Sogn og Fjordane

Etter retningslinjene for tilsynsutvala skal også fylkesmennene vere representarar på fellessamlinga og dermed rådgjevande utval.

4.2. Organisering av naturoppsynet

SNO er fast etablert med lokalkontor ved Klokkarhaugen i Vang i Valdres og ved Norsk Fjellmuseum/Jotunheimen nasjonalparksenter i Lom.

Bakgrunnen for SNO er *Lov om Statleg naturoppsyn* som vart vedteken 21.06.96. Statens naturoppsyn vart oppretta ved kongeleg resolusjon 25.10.96.

Formålet med SNO er å ivareta nasjonale miljøverdiar og førebyggje miljøkriminalitet. SNO skal ikkje gjera vedtak etter verneforskrifta, men drive oppsyn etter lov om statleg naturoppsyn, det vil seie utøve oppsyn etter 7 særlover (lakse- og innlandsfiskelova, viltlova, naturvernlova, motorferdsellova, friluftsløva, kulturminnelova og delar av foreiningslova) og gje rettleiing og informasjon. Vidare kan SNO drive skjøtsel, registrering og dokumentasjon i tillegg til at Miljøverndepartementet kan gje andre oppgåver.

Når forvaltningsstyresmaktene ønskjer det gir SNO faglege innspel til sakshandsaminga (lokalt, regionalt eller nasjonalt). Dette kan til dømes vere innspel om naturtilhøva i eit område.

SNO er organisert som ei eiga avdeling i Direktoratet for naturforvaltning i Trondheim. Til saman var det pr. 31.12.10 i alt 60 lokalkontor med til saman omlag 87 SNO-stillingar. Disse er knytt til dei store verneområda i Sør-Noreg, verneområda på kysten, som koordinatorar for rovviltarbeid og arbeid med skadefelling. SNO har ein samarbeidsavtale med Statskog om kjøp av oppsynstenester frå Fjelltjenesten i Nord-Norge (Nordland og Troms). I tillegg vert det kjøpt inn tenester frå andre aktørar som fjellstyra og Skjærgårdstjenesten. I rovviltarbeidet er det engasjert om lag 200 rovviltkontaktar.

Arbeidsoppgåvene til SNO i nasjonalparken/landskapsvernområdet dekkjer eit vidt fagfelt:

- ivareta nasjonale miljøoppgåver
- kontroll i høve til lover, forskrifter og anna regelverk, samt vilkår i enkeltvedtak/løyver
- førebyggje miljøkriminalitet
- vegledning og informasjon
- praktiske skjøtelsoppgåver av ulik art
- registrering og dokumentasjon
- opplærings- og kompetansetiltak
- samordning av ulike oppsynsordningar

Arbeidsoppgåvene blir prioritert og utført med bakgrunn i sentrale føringar, innspel frå forvaltningsstyresmaktene, brukarar og oppsynet sine egne erfaringar.

Til å utføre arbeidsoppgåvene vert det i tillegg til dei lokale SNO-stillingane kjøpt oppsynstenester frå Lom Fjellstyre, Vågå fjellstyre, Luster kommune, Stiftinga Utladalen Naturhus, og private.

4.3. Personell

Følgjande personell har teke del i oppsynstenesta i Jotunheimen i 2011 (arbeidsgjevar i parentes):

Personar i oppsynstenesta:	
naturoppsyn (Statens naturoppsyn) 01.01. – 31.12.:	Rigmor Solem (fagleg ansvarleg)
fjelloppsyn Lom (Lom fjellstyre) tenestekjøp kr. 245 000,- : pluss kr 30.000, (ekstraløyving)	Odd Repp (hovudansvarleg) Åsmund Galde og Eilev Hellekveen
fjelloppsyn Vågå (Vågå fjellstyre) tenestekjøp kr. 115 000,-:	Knut Øyjordet (hovudansvarleg) Erik Myrum
fjelloppsyn Luster (Luster kommune) tenestekjøp kr. 100.000,-:	Einar Fortun

Vang (privat) tenestekjøp kr. 100.000,-:	Thor Østbye
Årdal (Stiftinga Utladalen Naturhus) tenestekjøp kr. 200.000:	Petter Løvdahl

Tenestekjøpet dekkjer også oppsyn i nokre mindre verneområde utanom Jotunheimen i regionen.

4.4. Møte/synfaringar/kurs som direkte vedkjem forvaltning og oppsyn

Fellesmøtet for tilsynsutvala gjekk i 2011 over to dagar, 28. – 29. september på Spiterstulen i Lom. På møtet orienterte SNO og Fylkesmennene om arbeidet og aktiviteten i verneområda sidan fjorårets fellesmøte, og informerte om arbeidet med ny verneforskrift og forvaltningsplan. Tilsynsutvala orienterte om sitt arbeid lokalt. DNT Oslo og Omegn orienterte om utviding av Olavsbu og om arbeidet dei utfører på rutenettet. Norsk Fjellmuseum, Klimapark2469 og Utladalen Naturhus orienterte om sine aktivitetar og planer. Det vart vidare orientert om tilhøva på Galdhøpiggen (jfr synfaring i august). Status for skjøtsel i Utladalen og ved Gjendebru, motorferdsel, arrangement, Olavsbu og Memurubu vart gjennomgått. Den nye brukarundersøkinga frå 2010 vart gjennomgått o hovudkonklusjonen er at brukarane er godt nøgde med forvaltninga av verneområda i Jotunheimen. Av tiltak i tilgrensande område vart det orientert om reguleringsplanen for Gjendeosen. Det vart orientert om den nye forvaltningsmodellen med konstituering av nasjonalparkstyret og oppretting av 2 stillingar som nasjonalparkforvaltarar. Fellesmøtet bad om at tilsynsutvala vert inviterte til kompetanseprogrammet fir det nye nasjonalparkstyret i 2012. Fellesmøtet fekk og ein gjennomgang av bruken av midlar i 2011 og kom med framlegg til tiltak som bør få midlar i 2012.

24. – 26. mai arrangerte SNO et kurs i naturveiledning i nasjonalparker ved Gjendesheim for oppsynet og naturveileदारar i Jotunheimen og andre nasjonalparker i regionen.

Den 20. juni var det synfaring til Vetti Gard Turiststasjon med grunneigar Berit Johansen Vetti, SNO og handverkar Nils Teigen. Målet var ein gjennomgang av det planlagde restaureringsarbeidet på garden. Det er løyvd midlar frå Norsk Kulturminnefond til dette arbeidet.

22. – 23. juni var det synfaring til Olavsbu og øvre Utladalen med representantar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (sekretær for nasjonalparkstyret), Utladalen Sameige, DNT Oslo og Omegn og SNO/oppsynet. Ombygging av Olavsbu og planlagde tiltak i øvre Utladalen var særskilde tema for synfaringa.

19. juli var SNO ilag med representantar frå Årdal fjellstyre og ÅJFF på synfaring til ÅJFF sine hytter ved Kyrkjevatnet, Vasspollane og Trollsjøen for å sjå på plassering av uthus.

19. august var det synfaring til Galdhøpiggen frå Juvasshytta med representantar frå Fylkesmannen i Oppland (sekretær for nasjonalparkstyret), Juvasshytta, Lom kommune og SNO/oppsynet for å sjå på søppel- og sanitærproblematikk i området.

Den 22. – 23. august var det igjen synfaring til Guridalen og Skogadalsbøen med representantar frå Utladalen Sameige, SNO og handverkar Nils Teigen frå Lom. Arbeidet med restaureringa av dei tre steinsela var tema for denne synfaringa.

Den 28. september var SNO saman med representantar frå Fylkesmennene på synfaring opp til Glittertind for å sjå på det utførte restaureringsarbeidet av stien.

27. oktober var representant frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og SNO på synfaring i Avdalen for å sjå på det arbeidet som var gjort om sommaren på naturtypeskjøtsel av gammal slåtteeeng.

4.5. Arbeidssamandrag

Det arbeidet oppsynstenesta utførte i 2011 var 404 dagsverk, og det tilsvarar om lag same omfang som dei to siste åra. Av dette var 176 dagsverk (159 dagsverk i 2010) kontorarbeid, administrasjon møter og kurs og 227 dagsverk (241 dagsverk i 2010) synfaring/tilsyn/skjøtsel og anna oppsyn i felt, samt reise/klargjering. Det meste av uteaktiviteten var som tidlegare konsentrert til sommaren.

Arbeid Statens naturoppsyn har utført utanom Jotunheimen og som ikkje kan knytast til Jotunheimen er ikkje teke med. Det same gjeld sakshandsaming utført av fylkesmennene eller administrativt arbeid utført av SNO. Fylkesmennene bruka til saman om lag 4 månadsverk på forvaltninga av Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde.

Vedlegg

Adresser til tilsynsutval i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde

- Lom kommune:** Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Lom
 Adresse: postboks 94, 2688 Lom
 Leiar: Mai Bakken, 2686 Lom
 Sekretær: fjelloppsyn Odd Repp
- Vågå kommune:** Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vågå
 Adresse: postboks 16, 2684 Vågå
 Leiar: Sverre Bråten, 2682 Lalm
 Sekretær: fjelloppsyn Knut Øyjordet
- Vang kommune:** Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vang
 Adresse: fjellstyrekontoret, 2966 Slidre
 Leiar: Geir Moen, 2975 Vang i Valdres
 Sekretær: fjelloppsyn Endre Hemsing
- Årdal kommune:** Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i Årdal
 Adresse: Årdal kommune, P.b. 40, 6881 Årdalstangen
 Leiar: Vidar Sylvarnes, 6884 Øvre Årdal
 Sekretær: Gunvor Nordås
- Luster kommune:** Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i Luster
 Adresse: Einar Fortun, Luster kommune, 5820 Gaupne
 Leiar: Anders Fortun, 5833 Skjolden
 Sekretær: fjelloppsyn Einar Fortun

Adresser og telefon til fylkesmennene

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, postboks 43, 6861 Leikanger, tlf. 57 65 50 00

Fylkesmannen i Oppland, Serviceboks, 2626 Lillehammer, tlf. 61 26 60 00

Adresse og telefon til oppsyn

Statens naturoppsyn Jotunheimen:

Rigmor Solem, kontor Klokkarhaugen, 2975 Vang i Valdres
telef. 61367171, mob. 959 65 158

Esben Bø (rovviltkoordinator Oppland), kontor Norsk Fjellmuseum, 2686 Lom
telef. 61211699 mob. 95722733,

Fjellopsyn Lom: Odd Repp, Lom fjellstyre, 2686 Lom, telef. 61211670, mob. 91697613

Fjellopsyn Vågå: Knut Øyjordet, Vågå fjellstyre, 2680 Vågå, telef. 61293737,
mob. 90966277
Erik Myrum, 2680 Vågå, Vågå fjellstyre, telef. 61293737,
mob. 90739335

Fjellopsyn Luster: Einar Fortun, Luster kommune, 5820 Gaupne, telef. 57685500,
mob. 97622053

Naturoppsyn Vang (mindre verneområder): Thor Østbye, 2975 Vang i Valdres, telef. 61367412
mob. 90997194

Naturoppsyn Årdal (Utladalen landskapsvernområde): Petter A. Løvdahl, kontor Utladalen
Naturhus, pb 28, 6882 Øvre Årdal
Mob. 915 67 924

Aktuelle/nyttige internettadresser:

www.jotunheim.no

www.naturoppsyn.no

www.fjell.museum.no

www.utladalen.no

postmottak@fmop.no

postmottak@fm-sf.stat.no

Bilde frå tiltak og aktivitet i 2011

Informasjon og naturvegledning



Nye infoplakatar i Visdalen



"Politikameratane" i Utladalen



"Jotunheimendagen" i Visdalen

Stilrettelegging



Arbeidsmannskap i Visdalen



Ferdig tilrettelagt sti til Galdhøpiggen



Arbeid på stien til Glittertind

Reparasjon av bruer i Utladalen



Helikopterfrakt av utstyr



"Storebrui" ferdig reparert



"Brendeteigbrui" ferdig reparert

Fjerning av gammel og bygging av ny brygge ved Gjendebu



Fjerning av gammelbrygga



Bygging av ny brygge



Den nye brygga fungerer fint

Restaurering av kulturminne



Restaurering av endevegg på vesle steinsetet på Skogadalsbøen



Store steinsetet før restaurering



Steinmuringa på store steinsetet vart utført i august av sherpaene frå Nepal



Restaurering av eine steinsetet i Guridalen vart set i gang i august

Kulturlandskapskjøtsel



Restaurering av slåtteng i Avdalen ved slått, krattrydding og hogst